



Møtereferat - planforum 17.09.2014

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 12:00 Differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget. Revisjon av Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget.

Stad: Videomøte Førde og Leikanger

Til stades: Knut David Hustveit – landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler og prosjektleiar for arbeidet, Arve Helle - ordførar Fjaler kommune, Terje Systad – NVE, Oddgeir Årdal FM landbruksavdelinga, Gunn Tove Nyheim og John Anton Gladsø FM miljøvern avdelinga, Knut Åland, Ylva T. Tyssing og Torbjørn Hasund - Sogn og Fjordane fylkeskommune,

Innleiing ved ordførar Arve Helle. Planen tek utgangspunkt i eksisterande fleirbruksplan. Kommunen ønskjer at planen også skal vere med å leggje til rette for små kraftverk langs vassdraget.

Vi ynskjer i denne omgang at planforum skal:

- 1. Gje oss ei tilbakemelding på om plandokument og kart har eit godt nok innhald og er utforma på ein tilstrekkeleg god måte. Mellom anna er det viktig for oss å få ei tilbakemelding på om noko ser at her kan det bli reist motsegn mot planen.*
- 2. Gje oss svar på om kategoriseringa i plandokumentet kan variere frå kommune til kommune eller må den vere lik for alle dei involverte kommunane.*
- 3. Gje oss svar på om alle kommunane må vedta at planen skal leggest ut til høyring. Vi reknar med at alle kommunane må vedta planen, men kva gjer vi om vedtaka vert ulike?*

Arve Helle presiserer at dette er meir omfattande enn dei trudde opprinneleg. Den formelle prosessen rundt vedtak og høyring er òg uklar. Dei ynskjer ei presisering.

Hustveit seier litt om plandokumentet, med vekt på endringar. Plandokument, med konsekvensutgreiing, ROS-analyse og kart er laga og sendt ut. Dette er ein lang prosess som ein ikkje visste omfanget av før ein starta. Planen har vore oppe i planforum før, og NVE kom med innspel på endring og desse er prøvd arbeida inn.

Det vart òg kommentert at konsekvensanalyse og ROS-analyse er naudsynt. Desse er no laga. Vedlegg 1 i konsekvensutgreiinga er ein tabell over vassdraget. Det er gjort noko liknande med ROS-analysen. Tabell side 4 er òg teke ut.

Bakgrunnen til ROS-analysen og konsekvensutgreiinga er eit innspel i Planforum.

Hasund beklagar sein utsending av dei tre punkta som skal styre diskusjonen. Etter desse tre punkta er drøfta kan andre ting som ikkje er blitt handsama takast opp.

1. Attendemelding på om plandokument og kart har eit godt nok innhald og er utforma på ein tilstrekkeleg god måte.

Planen er nokon lunde ferdig. Tilbakemeldingar, og spesielt om noko vil reise mottsegn, er ønskeleg.

Nyheim- dette er ein retningsgjevande plan og ikkje juridisk bindande – dimed er ikkje motsegn aktuelt.

Planinnhaldet: Vedlegg 2 er ei omtale av metodikken – ikkje ei konsekvensutgreiing.

Det vert òg sett spørsmålsteikn med kven som har hevda at det er naudsynt med konsekvensutgreiing.

Gladsø – har samanlikna med Horningdalsvassdraget sin plan. Denne er ein del snillare og burde nok flyttast opp på eit strengare nivå.

Massenivå opp til 25 kubikk – kan stå sånn, men må vere ein kommentar om at dette bør vere snakk om massar som er lagt seg opp over tid jmf vassresurslova paragraf 12.

Hustveit – har brukt Horningdalsvassdraget som mal – men styringsgruppa har velt ein del andre verdiar enn der. Vil gjerne ha skriftleg tilbakemelding seinare.

Gladsø sine kommemntarar skal fyljast opp seinare med eige skriv direkte til Hustveit.

Helle presiserar at ein del val som er gjort i planen er frå politisk hald.

Gladsø presiserar at det kan vere ein ide med sum-effekt analyse for å finne ut kva vassdrag som kan byggast ut og kva som må vernast. Det kan lagast detaljplanar for enkeltvassdrag.

Håland – kulturminnelova om tiltak utanfor vernesystemet stiller krav til vurdering, ikkje krav til godkjenning. Overskrifta burde vere annleis og særlova kunne kome inn likt.

Kulturminnelova må med på ein del tiltak. Alt som er i elv er det sjøfartsmuseet som må ta seg av. Kulturminnelova må inn som vurdering, men avgjer ikkje etter den.

Kulturlandskap – kulturminne – R-ane er med. Men Sefrac og slike kulturminne og spesielt klynger kunne vore merka inne med trekanta. Dette er miljø som ein spesielt må ta omsyn til. Desse er merkt i fylkesatlas og dei viktigaste burde markerast anten i dokumentet eller i kartet. Helst i kartet.

Hustveit – har diskutert kor mykje som skal inn i kartet. Er opne for nye innspel.

Håland – lettare å lage skraverign eller innsirkling på eit kart.

Håland skal lage notat på dette og sende Hustveit.

Systad – NVE-. Informasjonen om mogelegheitene til kraftutbygging burde vere meir nøktern. Slik det står i dag gir planen for store og urealistiske forventningar til dei som vil bygge ut. T.d. er verdien av kraftresursar sett til svært stor. Dette stemmer ikkje. Den kan vere lokalt stor, men gir ikkje stor tilførsel av straum (s.6).

Dette er feil fokus i verna vassdrag – alle kraftresursar må gjennom konsesjonshandsaming og der vil utbygginga sin verdi kontra verneverdien verte vurdert. Mykje vanskelegare å få bygge ut i verna vassdrag.

Vassdragsonene S2 og S3 burde settast opp eit hakk høgare. Slik det står no ville det normalt stride mot verneverdien og normalt ikkje gitt løyve til kraftutbygging.

Om ein les planen gir den urealistiske forventningar til kraftutbygging.

På andre tiltak – sone 3 - i denne sona skal det vere minst mogeleg inngrep– den må opp eit hakk.

Skal kome tilbake til dette i eit skriv til Hustveit og går ikkje meir i detalj her.

Årdal – dette er eit landbruksområde med mange aktive gardsbruk. Auka matproduksjon og ope kulturlandskap er viktig. Det må leggast til rette for landbruk. Planen må vise verdiar og mogelegheiter, ikkje berre avgrensingar.

Nyheim – konsekvensutgreiinga –Kommunedelplanar med arealdel skal ha KU – men her treng ein ikkje ei konsekvensutgreiing. Av di det er ein tematisk kommunedelplan, som er retningsgjevande, men ikkje juridisk bindande.

Hasund – denne planen skal vere grunnlag for ein kommunedelplan som kjem til å vere ein juridisk bindande plan. Men denne er ein retningsgivande plan for vidare arbeid.

Nyheim sender skriftleg notat på dette.

Hustveit – Fylkesmannen sa at det burde lagast ei konsekvensutgreiing – difor vart det gjort. Men kan godt kutte den ut.

Systad – ROS-analysen kan og diskuterast i og med at den er meir forstyrrende. Har ikkje sett andre vassdragsplanar med ROS-analyse.

Hustveit – fekk klart signal i Planforum i februar 2010 at ROS og konsekvensanalyse måtte kome og difor er det kome.

Og ang fokuset på kraftverk – det var den diskusjonen som utløyste arbeidet i fyrste omgang.

Helle – trur ikkje planen kan forståast som eit klarsignal for utbygging. Og det er stor einigheit om vernet – jmf folkemøte.

Systad – vil ikkje seie at planen er grei og so i konsesjonshandsaminga seie nei. Blir dobbeltkomunikasjon. Difor meiner vi det er for lave verdiar.

2. Kan kategoriseringa i plandokumentet variere frå kommune til kommune eller må den vere lik for alle dei involverte kommunane.

Hustveit :planen omfattar fleire kommunar – dette spørsmålet kjem frå gaular. Dei ville gjere nokre endringar.

Nyheim: dette er ein fleirbruksplan og må vere lik i alle kommunane.

Helle: sett at det var stor ueinigheit – kven bestemm då?

Hasund: Alle er likeverdige partar. Areal innanfor kommunegrensene er ikkje viktig.

3. Må alle kommunane vedta at planen skal leggast ut til høyring. Vi reknar med at alle kommunane må vedta planen, men kva gjer vi om vedtaka vert ulike?

Nyheim: Vanleg planprosess må fyljast i alle kommunane. Dette må forankrast i alle kommunane, både politisk og administrativt. Om vedtaka er ulike må det jobbast vidare med planen for planen må vere lik. Alle kommunane må involverast.

Helle : Det er sær sars vanskeleg å få dei andre kommunane til å involvere seg.

Hasund: Einigheit må sikrast før ein gjer eit vedtak elles blir ikkje planen samlande.

Hustveit: Vi må ha eit kontaktmøte i kvar kommune. Reknar med at dei er med på dette.

Hasund: Det er vanlegvis formannskapet i kvar kommune som skal vedta utlegging av plan, om ikkje organiseringa innad i kommunen er annleis.

Oppsamlande runde:

Håland: kulturminne som er relaterte til elva direkte – kvennhus sagbruk osv kan vere spesielt viktig i denne samanheng.

Få inn litt på nyare tids kulturminne. Skal ikkje ta med alle, men dei største og der det er eit miljø. I alle fall det som er vassrelatert – naustmiljø, kvennhusmiljø – desse er spesielt viktige å få med.

Sender notat på dette.

Landbruk: Verna vassdraget ligg der og det er aktivt landbruk – rammene for å halde fram med å drive må ligge der. Planen må vere lett å bruke for den enkelte. Tabellen er god på den måten – praktisk å bruke.

Hustveit: Tilbakemeldingar på kartet?

Teiknforklaringane kan presiserast og kommunegrensene kan teiknast klarare.

Diverse notata skal sendast over so fort som mogeleg.